

2001/EØS/31/09

**EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDS DIREKTIV 96/84/EF****av 19. desember 1996****om endring av direktiv 89/398/EØF om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om næringsmidler beregnet på spesielle ernæringsmessige behov(\*)**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 100 A,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen<sup>(1)</sup>,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet<sup>(2)</sup>,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 B i traktaten<sup>(3)</sup>, og

ut frå desse synsmåtene:

I artikkel 4 i rådsdirektiv 89/398/EØF<sup>(4)</sup> er det fastsett at særlege føresegnar som skal nyttast på dei gruppene næringsmiddel som er oppførde i vedlegg I til det førnemnde direktivet, skal vedtakast ved særdirektiv utferda av Kommisjonen.

Det kom 20. desember i stand ein modus vivendi mellom Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen om gjennomføringstiltaka for rettsakter som er vedtekne etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 B i traktaten<sup>(5)</sup>.

Særdirrektiva speglar av kunnskapen på det tidspunktet då dei vart vedtekne, og eventuelle endringar med sikte på å tillate nyvinningar som byggjer på vitenskaplege og tekniske framsteg, må etter samråd med Vitskapsutvalet for næringsmiddel, som vart oppnemnt ved kommisjonsavgjerd 95/273/EF<sup>(6)</sup>, godkjennast etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 13 i direktiv 89/398/EØF.

Det må fastsetjast ein framgangsmåte som gjer det mogleg mellombels å marknadsføre næringsmiddel som vert utvikla som resultat av teknologiske nyvinningar, slik at det vert mogleg å dra nytte av forskingsresultata til industrien inntil det aktuelle særdirrektivet vert endra.

For å verne helsa til forbrukarane kan det gjevast løyve til marknadsføring berre etter samråd med Vitskapsutvalet for næringsmiddel.

Løyve kan gjevast berre dersom produktet ikkje utgjer ein fare for menneskehelsa –

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

*Artikkel 1*

I artikkel 4 i direktiv 89/398/EØF skal nytt nr. 1a lyde:

«1a. For å gi mulighet for rask marknadsføring av næringsmiddel som er beregnet på spesielle ernæringsmessige behov, og som er resultat av vitenskaplege og teknologiske framskritt, kan Kommisjonen, etter å ha rådspurt Vitenskapskomiteen for næringsmiddel og etter framgangsmåten fastsatt i artikkel 13, tillate marknadsføring i et tidsrom på to år av næringsmiddel som ikke oppfyller de regler for sammensetning som er fastsatt ved særdirrektivene omhandlet i vedlegg I.

Om nødvendig kan Kommisjonen i beslutningen om tillatelse tilføye regler om merking i forbindelse med endringen i sammensetning.»

*Artikkel 2*

Medlemsstatane skal innan 30. september 1997 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

*Artikkel 3*

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

(\*) Denne fællesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 48 av 19.2.1997, s. 20, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 53/2000 av 28. juni 2000 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende nr. 42 av 21.9.2000, s. 9.

(1) TEF nr. C 389 av 31.12.1994, s. 21, og TEF nr. C 41 av 13.2.1996, s. 13.

(2) TEF nr. C 256 av 2.10.1995, s. 1.

(3) Fråsegn gjeven 11. oktober 1995 (TEF nr. C 287 av 30.10.1995, s. 108), felles haldning frå Rådet av 18. juni 1996 (TEF nr. C 315 av 24.10.1996, s. 1) og europaparlamentsavgjerd av 23. oktober 1996 (TEF nr. C 347 av 18.11.1996). Rådsavgjerd av 9. desember 1996.

(4) TEF nr. L 186 av 30.6.1989, s. 27.

(5) TEF nr. C 102 av 4.4.1996, s. 1.

(6) TEF nr. L 167 av 18.7.1995, s. 22.

*Artikkel 4*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 19. desember 1996.

*For Europaparlamentet*

K. HÄNSCH

*President*

*For Rådet*

S. BARRETT

*Formann*

---